



Teknisk drift
Einar Færø

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/2269 - 19/18439

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
18.12.2019

Byggesak gbnr 45/270 Manger nedre - avkjørsle nr 2 - søknad om dispensasjon frå regulert avkjørsle og byggegrense mot kommunal veg - oversending for uttale frå kommunal vegstyresmakt

Vedlagt følger søknad om dispensasjon frå plan for etablering av avkjørsle til kommunal veg i strid med reguleringsplan, og søknad om dispensasjon frå byggegrense i plan for avkjørsle.



Kart vedlagt søknaden som viser plassering av ny avkjørsle



Ortofoto som viser ulovleg etablert avkjørsle til kommunal veg

Planstatus

Eigedomen gbnr 45/270 ligg innafør reguleringsplan for Grønålen, planid. 12601991000100.



Når eigedomen ligg i regulert område skal søknad om dispensasjon frå byggegrense og regulert avkjørsle handsamast av bygningsstyresmakta som dispensasjon frå plan. Saka gjeld tilhøve til kommunal veg og det er difor naudsynt med uttale frå kommunal vegstyresmakt før bygningsstyresmakta kan handsame saka.

Anna

Søknaden gjeld etter sin ordlyd dispensasjon frå byggegrense i plan for plassering av avkjørsle til kommunal veg. Ut i frå vedlagt situasjonskart vil også deler av parkeringsarealet og internveg kome i konflikt med regulert byggegrense. Bygningsstyresmakta ber om at vegstyresmakta tek stilling til alle tiltaka.

Søknaden er ikkje nabovarsla. Før søknaden kan handsamast etter plan- og bygningslova må den nabovarslast i tråd med plan- og bygningslova §§ 19-1 og 21-3. Bygningsstyresmakta har også etterlyst målsett situasjonskart.

Frist for uttale

Bygningsstyresmakta ber om at kommunal vegstyresmakt gjev uttale i saka.

Uttalefrist etter plan- og bygningslova § 21-5 er 4 veker frå naudsynt informasjon for å handsame saka ligg føre.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesak gbnr 45/270 Manger - søknad om dispensasjon - ny avkjørsle

Søknad om disp. vei og garasje Grønålvegen 21

Skisse innkjørsel og garasje Grønålvegen 21

Byggesak gbnr 45270 Manger - ny avkjørsle, parkeringsplass, internveg og garasje - dispensasjon frå plan -
trong for tilleggsopplysningar

Kopi til:

Christel Villanger Håland	Grønålvegen 21	5936	MANGER
Remi Jarle Helland	Grønålvegen 21	5936	MANGER

Mottakarar:

Teknisk drift